

**Gunnar Vetlejord**  
**Postboks 41**  
**5902 ISDALSTØ**  
**TLF: +47926 91 899**  
**Mail:gvetlejord@gmail.com**

**Knarvik 11.01.2017**

**Lindås kommune**  
**Byggesakavdelinga**  
**ISDALSTØ**

**UTGREIING GBR. 188/512**

**Referanser:**

- a) Dykker brev 08122016 ref. 16/3571 -16/33716
- b) Brev til Lindås kommune dagsett 02.11.2016 fra Morten Magnus og Janne Andreassen

**HISTORIKK:**

Møte på Lindås Rådhus den 15062016. Frå Lindås kommune møtte Anne Lise Molvik.

Sak: Eg la munnleg fram følgjande:

- a) Eigar av gbnr 188/513 har oppført bod mellom sitt bustadhus og min garasje. Min garasje vegg utgjer eine veggen i boda.
- b) Eigar av gbnr 188/513 har oppført terrasse over ca halvparten av sitt parkeringsareal.
- c) Eigar av gbnr 188/513 har no planar om å oppføre ny bod bak nemnde bod og fram til enden av si terrasse. Oppmerking er gjort. Den planlagte bod vil ta vesentleg del av vår utsikt mot sjø.
- d) Eigar av gbnr 188/513 hevdar at dette er alt saman tiltak som han har rett til og lov til. Det er og tiltak som ikkje krev noko form for nabovarsel eller søknad til kommunen.
- e) Eigar av gbnr 188/513 framheld med styrke og overbevisning at han er byggningskyndig. Han har erfaring med Bygningslova og kjenner denne, og kan forsikre at nemnde tiltak er i samsvar med lova – fullt ut.

Anne Lise Molvik ba meg lage eit PM der eg lista opp alle tiltak som var blitt gjort på eigedom gbnr 188/513.

Nemnde PM vart sendt Lindås kommune 16062016.

**EIGEDOMS TILHØVE – BUSTAD HISTORIKK:**

Eigedom Røsvikdalen 57, gbnr 188/512 er eigd av Liv og Gunnar Vetlejord.

Skøyte på eigedomen er datert 2801.1988.

Eigedomen vart kjøpt av Kjell Morten Lundquist.

Nemnde eigedomar – unnateke gbnr. 188/512 - vart i mange år nytta som bustader for funksjonærar på Mongstad.

Gbnr. 188/512 vart kjøpt av Lundquist. Skøyte datert 230487. Han hadde eigedomen til den vart kjøpt av Liv og Gunnar Vetlejord, januar 1988.

## RØSVIKDALEN I 1988.

Området bar preg av anlegg. Vegen mellom husa var asfaltert. Skille mellom husa var markert med kantstein.

Eg viser i det høve til den orientering som er utarbeidd av NBBL omkring dei ulike hustypane . 13 tilsaman.

Her går det fram detaljer om ma: Fellesanlegg, Garasje, boder for hustype C mv

Husa ligg på høgde mot Kvassnesstemma. I 1988 var det ikkje veg rundt Kvassnesstemma. I nord, mot Kvassnesstemma, er det ein høg bergrygg som kunne vere fårlag, men attraktiv å nærme seg for både små og store. Bratt utføre, og rett i vatnet som det då var. Om vinteren ofte glatt på berget av regn og vass - seg som det er i området.

Utanfor vårt hus var det ikkje utført noko planeringsarbeid. Garasjen var reist, men var ikkje ferdigstilt, mellom anna var det ikkje sett inn port og veggene var ikkje pussa.

Tilkomst til garasje og hus var uferdig. Mykje stein, grus og jord måtte fjernast. Det første vi måtte gjere var difor å leige gravemaskin for å rydde på alle sider av huset.

Det var ingen gjerde sett opp. Det var ingen terrasse sett opp. Mellom husa og ned til berget ovanfor Kvassnesstemma var det ingen fysiske sperringar som kunne hindre den ferdsle det var av mellom anna ungar som likte å stå på bergkanten å sjå på vatnet og kaste stein.

**STATOIL – MONGSTAD** hadde ansvaret for dei andre husa, og løpande vedlikehald. Innbuarane i husa skifta ofte, og her rådde eit spanande og kjekt internasjonalt miljø i gata vår.

Eg tek med denne historikken. Den dannar bakgrunn for dei tiltak me – i beste meinung – har fått gjort på eigedomen vår.

## LINDÅS KOMMUNE SINE SPØRSMÅL I BREV AV 0812.2016.

**Generellt:**

Lindås kommune stiller spørsmål om tiltak som skjedde for snart 30 år sidan. Det er lang tid. Eg ber om forståing for at minne er svekka på ein del område etter så lang tid. Dette skjedde då eg var først i 40 åra. Eg er i år 73. Eg har hatt den regel at eg har teke vare på papir/eigen notater i 10 år. Då er dei blitt makulert.

I løpet av desse snart 30 år har det ikkje vore noko spørsmål/kritikk omkring dei tiltak som våre naboar, Morten Magnus og Janne Andreassen, tek opp. Tvert i mot har me frå mange, særleg naboar, fått ros og gode ord for den måten me har forvalta eigedomen vår på.

**1. Gjerde mellom bnr. 512 og bnr 513.**

Det er her ikkje tale om ” Levegg” slik Morten Magnus og Janne Andreassen skriv.  
Det som er oppført er eit gjerde. Gjerdet erstattar hekken som sto her frå 1988 – 2015.

Hekken vart somaren 2015 fjerna av Lindås kommune. Årsak: Pærebrann.

Eg tok opp med Morten Magnus Andreassen, hausten 2015, spørsmålet om kva skille mellom eigedomane han ønskte.

Svaret var: Du kan gjøre hva du vil.

Eg let tida gå. I von om innspel og initiativ. Ingen utspel eller initiativ kom.

I Juli 2016 fortalte eg Morten Magnus Andreassen at eg ville setje opp gjerde mellom eigedomane våre.

Svaret var: Det må du bare gjøre.

Før eg fekk sett opp gjerde hadde eg og naboen på andre sida med på synfaring. (Ørjan Svendsen og Anne Svelingen ) Dei hadde ingen merknader.

Før eg fekk sett opp gjerde prøvde vi, likevel, å plante rodondendro buskar mot tomtegrensa.

Dei plantene vart ødelagt av Morten Magnus Andreassen då han tømde boda som han vart pålagt å rive. Bord og plankar vart hivd innover vår tomt og plantene vart så ødelagte at dei måtte kasserast. På grunn av truslar han tidligare har sett fram mot meg våga eg ikkje ta dette opp med han.

Eg har vitne på det som skjedde.

Eg viser, i dette høvet også til Morten Magnus Andreassen sitt vedlegg til SØKNAD OM MARKTERASSE dagsett 09082016. Han skriv mellom anna: ” *et gjerde på tomtegrensen er vel en plikt man har .* ”

Gjerdet har blitt utsett for hærverk:

Då Magnus Morten Andreassen den 14.09.2016 reiv den ulovleg oppsette bod vart all materialen sett opp/slengt mot mitt nye gjerde. Gjerdet vart skeivt. Eg freista å gå inn på baksida av gjerdet for å fjerna noko av all materialen. Dermed ville presset mot gjerdet minka og skaden bli noko minimalisert.

Eg vart stoppa av Janne Andreassen. Eg fekk tydeleg melding om at ” *hva gjør du her? Du må bare komme deg ut av våres have! Du har ingenting her å gjøre* ” Eg vart såleis hindra i å drive ”Skadeforebygging”.

Dette har eg og vitne på.

Forsikringsselskapet mitt seier i sine vilkår at eg er pliktig til å gjere skadeforebyggande tiltak.

Lindås kommune gjev Janne Andreassen rett: I Dykkar brev av 30092016 under avsnittet Rettleiing skriv De mellom anna:

*Vi gjer merksam på at nabo ikkje utan vidare har rett til å ta seg inn på annen manns eigedom for å kunne utøve vedlikehald av eigne bygg utan løyve frå grunneigaren.*

Janne Andreassen avslutta sin tirade med: *Jeg gidder ikke snakke med deg.*

Vi, Liv og meg, har gitt Morten Magnus og Janne Andreassen løyve til å gå over vår eigedom med boss spann, barnevogn mv sidan dei flytta inn i huset sitt. Det har dei begge nyttar seg mykje av. Likeins har vi gitt løyve til at dei kan snu bilane sine ved å køyre opp mot vår garasje.

Vi var og einige med dei om at det var praktisk at vi parkerte framfor sørveggen. Dermed gjorde vi det lettare for dei med å nyte vår eigedom slik vi har forklart ovanfor.

For oss verkar det derfor vondt og uforståeleg at vi skal bli hindra til å utføre skadeavgrensande arbeid på eigen eiendom.

Praktisk fører dette til at vi ikkje td kan sjekke garasje taket vårt, som vender mot gbnr 188/513. Noko som det er trong for å gjere etter uvær, som feks URD no sist. Likeins kan vi ikkje få beisa garasje veggen som i mange år var vegg i boda til gbnr 188/513. Vi kan ikkje beisa den sida av gjerdet som vender mot gbnr 188/513.

Veggen på garasjen var nedtagga viste det seg når boda vart riven. Det er måla over på ein simpel måte. Veggen er i dag skjoldete, og står ikkje i stil med den standard vi har på vår eigedom.

Den måten Lindås kommune praktiserer denne delen av plan og bygningslova på hindrar såleis vedlikehald på eigen eigedom.

Naboane er ikkje klår over denne praktiseringa av bygningslova. Eg vil derfor rá til at Lindås kommune sender ut ei generell orientering om denne saka, Den vedkjem mange av kommunen sine innbuarar som ikkje er klår over den praksis som Lindås kommune nyttar her.

#### OM DET OPPSETTE GJERDET

Gjerdet er akkurat like langt som hekken var

Gjerdet er 5 – 10 cm lågare enn hekken.

Gjerdet er sett opp i tre.

Gjerdet har stendere som er sett i metallsko støypt i fjell.

På grunn av at eigarane av gbnr 188/513 etablerte boss lager, ødela vår beplantning mv såg vi det som naudsynt å få oppatt eit skille mellom eigedomane. Bossdunga låg rett i front av våre stovevindauger.

Eg viser og til mine mail om dette. I mine mail til Dykk har eg teke opp boss problematikken og rotteplaga. Eg har og bedt om råd. Saka er såleis vel kjent for Lindås kommune.

#### NABOENS NYE GJERDE

Same dagen som vårt gjerdet var ferdig tok Morten Magnus Andreassen til å byggje ein forlenging av gjerdet. Ingen melding til oss vart gjeve.

Dette gjorde han ved hjelp av følgjande ”gjenstander”

- a) Eit sekkehjul av metall
- b) Ei gardin trapp
- c) Ein alminiums stige
- d) Diverse hageredskap sett på høgkant.
- e) Gjerdet er ikkje forankra i fjell, men er sett opp på bakken utan noko feste.

Mi vurdering av hans gjerde er at det er, i beste fall orginalt.

Vi har ikkje små barn som Andreassens har.

Mi vurdering er at gjerdet, som Morten Magnus Andreassen har konstruert, er fârlig for ungar og for vaksne. Gjerdet har mange gonger blåse ned og lagt seg innover vår eigedom. Magnus Morten Andreassen har vore flink til å rette opp att gjerdet, og har lagt ned mykje arbeid i dette.

Eg har vist denne konstruksjonen fram for gjester og naboor.

Fleire har meiner at dette kan vere meint som kunstverk?

Magnus Morten Andreassen er kunstnar har eg forstått. Ma. kan kunsten hans sjåast frå riksvei 39, på høgre sida mot Bergen, etter Hordvika tunnelen. På enden av rekksverket til riksvegen finns eit av hans verk. Signert JOY. Truleg gjort på oppdrag frå Statens veg vesen, slik eg har forstått det.

Hans kunstneriske uttrykk kan og sjåast på husveggen hans – mot vår garasje.

#### OPPSUMMERT:

1. Gjerdet er ei erstatning for hekken som har stått sidan 1987/88.
2. Beplantning som skille nyttar ikkje – jfr. Grunngjeving ovanfor.
3. Gjerdet er fint og solid.
4. Gjerdet står på mi side av tomtegrensa.
5. Gjerdet er blitt medvitne skada– slått skeivt. Jfr forklåring.
6. Gjerdet markerer grensa mot naboen på ein fin måte.
7. Lengda på gjerdet er lik lengda som var på hekken. Det verkar underleg på meg at våre naboor seier at gjerdet er for langt – samtidig som dei forlenger gjerdet med sin noko underlege konstruksjon. Eg meiner, som vår nabo Andreassens, at eit slikt "grense"gjerde skal stå i grensa. Ikkje 1 meter innanfor. Jfr. Andreassens opplysningar om at Lindås kommune i "Nordhordlandskart" har tegna inn grensegjerde 1 m innenfor. Det forstår eg ikkje.
8. Gjerdet skjuler og det boss og rot som naboen lagrar bak gjerdet.
9. Andreassens har gitt samtykke til oppføring.

#### VEGG MELLOM EIGE HUS OG EIGEN GARASJE

De skriv at det er oppført "levegg" mellom bustad og garasje og bustad. For ordens skuld: Det er snakk om 1 -ein vegg, med dør i. Veggen står mellom eigen bustad og eigen garasje.

Vi er no attende til 1988.

I samband med planering rundt huset vårt merka vi fort at "straffa" for godt utsyn var mykje vind. "Nordavind frå alle kantar" som ordtaket seier!

I tillegg var det ein viss trafikk av personar – ungar – mellom hus og garasje og nedover mot berget ovanfor Kvassnesstemma. Jfr. Opplysninger om Røsvikdalen i 1988.

I området var det og anleggstrafikk i samband med STATOIL husa.  
Eg hadde svigerfar på besøk for å hjelpe meg med ulike saker, som pussing av garasje- muren, levegg, utvendig trappe og steinlegging mv – praktisk som han var.

Ein dag kom vi i snakk med ein representant for Lindås kommune som var i området. I praten tok eg opp spørsmålet om det var noko til hinder for å stengje nemnde passasje med ein vegg med dør i.  
Svaret, slik eg hugsar det etter snart 30 år, var at det bydde ikkje på noko problem. Særleg sidan ingen naboar ville sjå denne veggan.  
Eg hugsar me fekk tips om at veggan burde skråast – Det ville ta seg best ut i forhold til tak både på garasjen og på huset. Eit godt råd, som vi sjølv sagt følgde.  
Svigerfar ville kunne stadfeste dette. Problemet er at han gjekk bort for 10 år sidan.

#### ANDRE SLIKE VEGGER I OMRÅDET:

Mange av naboane har og slike veger. Mellom anna Magnus Morten og Janne Andreassen. Motsett av inngangsdøra til huset sitt har dei sett opp slik vegg med dør i.

Veggan hans framstår som ein forlenging av husveggen. Dermed er fasaden mot vest endra. Likeins er fasaden på samme veggan også endra ved at eit mindre vindauge er sett inn mot nord. Tilsvarande er gjort på veggan som vender mot nord. Nemnde vindauger er kome i staden for dei to STORE vindauger som er orginalt.

Det betyr lite for oss. Fasadeendringa er sikkert byggeanmeldt, og gitt løyve til i medhald av gjeldande lovverk på området. Jfr. Tegningar av huset frå NBBL utbygging Arkitektkontoret.

I gata vår er det og fleire slike veger med dør mellom hus og garasjer.  
I våre 30 år har dette aldri vore tema. Bortsett frå at mange har gitt uttrykk for at dette er fint og skapar miljø. I tillegg lar det for vind og uver som merkast godt her. Det hindrar ikkje minst uvedkomande passasje mellom husa og garasjane.

La meg tilføye; På andre sida av huset har vi ein liknande vegg. Magnus Morten og Janne Andreassen nemner ikkje den. Uvisst av kva årsak. Forklaringa kan vere at den veggan er oppført av Magnus Morten Andreassen.

Morten Magnus Andreassen kjenner godt soga om korleis veggan vart til.  
Når det gjeld høgda på desse veggane så er det naturleg at dei må vere over 180 cm sidan der er dør i veggene.  
Likeins at dei fleste veggene, unntek Andreassens sin, er skråstilte. Jfr. Tips frå Lindås kommune sin representant attende i 1988.

## **OPPFØRT TERRASSE OVER REGULERT BYGGEGRENSE**

**Det spørsmålet forstår eg ikkje.**

Det er rett at vi har ein terrasse på framsida av huset. Godt innanfor tomtegrensa.

Dette tilliks med andre naboar sine terrasser. Andreassens har det same.

Terrassen vart oppført – meiner eg – i 1988.

Terrassen er lagt opp på ei steinfylling av skyte Stein, og framstår som både ryddig, velhalden og trygg.

I hjørnet av terrassen er ein utepeis. Påstanden om at den er ”amatørmessig utført” stiller eg meg undrande til. Det er heller ikkje sant at aske og gneistar fyk frå peisen. Eg nyttar sjølvhoggen ved av typen Kristorn, Mørk Older og Ask. Ved som er tørka i over 2 år og som er gneist sikker.

Som det er kjent; Det er GRAN som produserer gneistar grunna den fose strukturen i dette materiale.

Dette er fakta som alle som har greie på ved kan stadfesta.

Peisen er tilpassa omgjevnadane på ein god måte. Den har stått der i ca 25 – 28 år utan at nokon har hatt merknader. Berre god ord og ros for at peisen tek seg godt ut.

Bruken av Peisen har og minka. I 2016 var det fyr i Peisen 1 gong.

## **KOMMENTARAR TIL BREVET FRÅ MAGNUS MORTEN OG JANE ANDREASSEN**

Brevet verkar, for oss, å vere skrive i stort sinne og affekt. I sine formuleringar er det amatørmessig, men med stor vekt på å såre/fornærme oss som eigarar av gbnr. 188/512. Vidare er det sett fram skuldingar mot Lindås kommune, særleg mot Bygesaksavdelinga.

Brevet er prega av å vere lite presist i mange av utsegnene. Brevet inneheldt sterke, stygge, og urettferdige påstandar mot Lindås kommune, og mot oss.

Vi er privatpersonar. Vi har ikkje juridisk kompetanse.

Eg veit Lindås kommune har juristar. Mi meining er at fleire av utsegnene til Janne og Morten Magnus Andreassen bør vurderast juridisk med tanke på tiltak. I ein velordna kommune som Lindås bør ikkje slike påstandar få feste seg.

Eg reknar såleis med at Lindås kommune, og dei tilsette, ikkje kan leve med påstandar om;

- a) Urettferdig forskjells behandling
- b) Bekjentskaper mellom Liv og Gunnar Vetlejord og tilsette Lindås kommune som skal ha medført forskjells behandling
- c) At Lindås kommune ”løper våre ærend” – for å nevne noko.

## **SLUTT ORD.**

**Me meinat at vi ikkje har gjort noko ulovleg på vår eigedom.**

**Me har tvert i mot teke godt vare på og forbetra eigedomen vår, og soleis auka verdien på eigedomen monaleg.**

## **TILSTANDSRAPPORT PÅ EIGEDOMEN VÅR.**

**Dette kjem også til uttrykk i TILSTANDSRAPPORT på eigedommen.**

**TILSTANDSRAPPORTEN vart utført 15122016.**

**Rapporten er utførd av Autorisert Foretak NAVAR TAKST OG EIGEDOM AS, Olav Tore Fosse, Takstmann/Byggteknikker, Byggmester. Grønland 1, 5918 FREKAUG.**

**På grunn av alle ”feil” Janne og Morten Magnus Andreassen fann på vår eigedom fann eg det naudsynt å tilkalle uavhengig takstmann utan bindingar til andre aktørar i eigedomsbransjen. Eg presiserer at takstmannen har; verken eit tilsettingsforhold eller økonomisk interesse i sin oppdragsgjevares verksemd.**

**Jfr. Takseringsbransjens etiske retningslinjer på [www.ntf.no](http://www.ntf.no)**

**Skulle Lindås kommune ønskje rapporten oversendt, ber eg om melding.**

**For ordens skuld: Ingen av dei merknader Janne og Morten Magnus Andreassen held fram er påpeika i rapporten.**

## **AVSLUTNING.**

**Liv og eg har budd i Lindås kommune sidan 1973. Vi hadde planar om å avslutte livet her. Med tanke på å få det lettvin og fint i heimen vår har vi dei siste åra pussa opp huset vårt innvendig så vel som utvendig. Slik at vi i fred og ro kunne nyte alderdomen i heimen vår. I kommunen vi flytta til i 1973.**

**I vår alder er det viktig å vite kva vil vil. Rettare sagt; Vite kva vi ikkje vil.**

**Vi vil ikkje leve tett ved ein nabo som vil oss ille og som finn glede i å gjere oss vondt. Som ødelegg våre planter, som ødelegg gjerdet vårt. Ein nabo som straks han ser oss på terassen/altanen vår stiller opp høgtalarar mot oss og jagar oss inn med støyande musikk. For å nemne noko..**

**Med sorg og vemod har me bestemt oss frå å flytta frå Lindås. Mobba bort, opplever vi.**

**Me har orientert naboane om dette.**

**Våre Draumar vart såleis ikkje til røyndom, i Lindås kommune. Det må vi leve med etter 44 år.**

**Mellom fleire av naboane er det no frykt for kven som er dei neste som skal utsetjast for familien Andreassen sine klagemål.**

**Med helsing frå eigarane av gbnr. 188-512.**

**Liv og Gunnar Vetlejord**

**Liv og Gunnar Vetlejord**